

Forskrift om mellombelse auka bompengetakstar i Bergen

Fastsett av Samferdselsdepartementet xx.xx.2016 med heimel i lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar § 27 andre ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å redusere luftforureininga i Bergen ved bruk av mellombelse auka bompengetakstar som eit trafikkreduserande tiltak i periodar med høg luftforureining.

§ 2. Vilkår

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune kan vedta at det skal takast i bruk mellombelse auka bompengetakstar etter denne forskrifta når grenseverdiane etter forurensningsforskriften § 7-6 er overskride eller ved fare for slik overskriding med antatt varigheit på to dagar eller meir.

§ 3. Takstane

Dei auka bompengetakstane skal vere fem gongar så høge som takstane som til kvar tid gjeld ordinært i Bergen. Dei auka takstane skal vere mellombelse i korte periodar.

Takstane etter forskrifta skal omfatte alle trafikantgrupper med unntak av trafikantar som er gitt fritak frå betaling av bompengar.

§ 4. Bruk av bompengeinntekter frå ordninga

Inntekter frå takstauken etter § 3, kan nyttast til dekking av kostnader til dei tiltaka som kommunen og fylkeskommunen finner er naudsynt for å ned biltrafikken i perioden det gjeld.